

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 031	14/1092

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2014	Administrasjonsutvalet	PS	19.03.2014

Årsrapport 2013 og handlingsplan 2014 Saman om ein betre kommune

Vedlegg:

Årsrapportering 2013 - per 01 02 14 Saman om (L)(1095)

Handlingsplan 2014 Saman om (2)

Saksopplysningar:

Vurdering

Prosjektet set svært tydelege krav til måloppnåing med dels kortsiktige konkrete måltal. Dette er ei utfordring når det valde temaet og arbeidet med dette er basert på eit langsiktig utviklingsarbeid. Nokre måltal har vi likevel, t.d. i Borgarundersøkinga frå 2011. Slik administrasjonen forstår det, vil denne ikkje bli tatt opp att regionalt. Når vi skal gjere nye målingar må vi difor basere oss på ei anna/ny undersøking. Det vil då vere innbyggjarundersøkinga på www.Bedrekommune.no som er aktuell, og denne har delvis litt andre måleparametre enn Borgarundersøkinga.

Folkehelse

Ikkje relevant i denne saka

Miljø

Ikkje relevant i denne saka.

Økonomi

Alle aktivitetar vil skje innafor ramma av tildelte prosjektmidlar i 2014. Prosjektgruppa kjem tilbake til disponering av prosjektmidlane.

Konklusjon

Arbeidsgruppa har jobba mykje både med årsrapporteringa for 2013 og handlingsplanen for 2104. I møtet i prosjektgruppa 04.03.14 vart årsrapporten godkjent. For handlingsplanen sitt vekommande vart tiltakslista supplert med ein del tiltak. Det var også semje i prosjektgruppa om å gi ei orientering i kommunestyremøtet 09.04.14.

Framlegg til vedtak:

Administrasjon vil rå administrasjonsutvalet til å godkjenne årsrapporten for 2013. slik denne ligg føre i saka, og like eins godkjenne handlingsplanen for 2014, også denne slik han ligg føre i saka

Administrasjonsutvalet - 04/2014**ADM - behandling:**

Personal- og organisasjonssjef orienterte.

ADM - vedtak:

"Administrasjonsutvalet godkjenner årsrapporten for 2013, slik denne ligg føre i saka, og godkjenner handlingsplanen for 2014, også denne slik han ligg føre i saka."

, den 28.02.2014

Kari Anne Iversen

Personal- og organisasjonssjef